



ÅLESUND KOMMUNE

BETALINGSREGULATIV - VATN OG AVLØP

2021

Godkjent av: Ålesund kommunestyre i sak.....

Gyldig 01.01.21 – 31.12.21

Ansvarleg verksemd:

Vatn og avløp

Gebyra er vedtatt i medhald av:

- Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Ålesund kommune (FOR-2019-11-14-2192) (jmfør LOV 2012-03-16 nr.12, Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §3 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrenning av forurensning (forurensningsforskriften) § 16-1 annet ledd.)

ÅRSGEBYR

Årsgebyr for vassforsyning og avløpshandtering er todelt:

1. Abonnementsgebyr

Eit fast årleg gebyr for kommunens vass- og avløpstenester.

2. Forbruksgebyr

Blir fastsett anten etter faktisk vassforbruk eller stipulert etter størrelsen på bustaden. Stipulert forbruk reknast ut ifrå bruksareal multiplisert med ein faktor på 1,2 m³/m² for bustad. For fritidsbustadar og naust er faktoren 0,6 m³/m². Bruksareal reknast etter NS-3940. Vass- og avløpsgebyra reknast etter prinsippet vassmengd inn er lik vassmengd ut.

Differensiert abonnementsgebyr

Abonnementsgebyret er differensiert ut frå brukskategoriar:

- Bustadeigedom og fritidsbustadar: Eitt abonnementsgebyr per bueining. For einebustadar med inntil ei ekstra bueining skal det likevel betalast berre eitt abonnementsgebyr.
- Nærings- og kombinasjonseigedom (bedrifter, landbruk mv.), samt sprinklaranlegg: Etter kategoriar avhengig av vassforsyningskapasiteten til den enkelte eigedom. Eigdommar plasserast i kategoriar basert på målt forbruk i 2020 eller stipulert forbruk 2021.

Årleg abonnementsgebyr (kr/år)

		Mva.sats	Pris (kr)	Pris inkl. mva (kr)
Vatn	Bustad- og fritidseigedomar	25 %	662,40	828,00
Vatn	Næringsseigedomar mv. (kategori 1: 0 - 300 m ³)	25 %	662,40	828,00
Vatn	Næringsseigedomar mv. (kategori 2: 301 - 4 000 m ³)	25 %	1 987,20	2 484,00
Vatn	Næringsseigedomar mv. (kategori 3: 4 001 - 15 000 m ³)	25 %	6 624,00	8 280,00
Vatn	Næringsseigedomar mv. (kategori 4: 15 001 - 100 000 m ³)	25 %	23 184,00	28 980,00
Vatn	Næringsseigedomar mv. (kategori 5: 100 001 - 1 000 000 m ³)	25 %	66 240,00	82 800,00
Avløp	Bustad- og fritidseigedomar	25 %	792,80	991,00
Avløp	Næringsseigedomar mv. (kategori 1: 0 - 300 m ³)	25 %	792,80	991,00
Avløp	Næringsseigedomar mv. (kategori 2: 301 - 4 000 m ³)	25 %	2 378,40	2 973,00
Avløp	Næringsseigedomar mv. (kategori 3: 4 001 - 15 000 m ³)	25 %	7 928,00	9 910,00
Avløp	Næringsseigedomar mv. (kategori 4: 15 001 - 100 000 m ³)	25 %	27 748,00	34 685,00
Avløp	Næringsseigedomar mv. (kategori 5: 100 001 - 1 000 000 m ³)	25 %	79 280,00	99 100,00

Forbruksgebyr målt (vassmålar) (kr/m³)		Mengde	Mva.sats	Pris (kr)	Pris inkl. mva (kr)
Vatn	Alle abonnentar	pr. m ³	25 %	13,22	16,53
Avløp	Alle abonnentar	pr. m ³	25 %	18,07	22,59

Stipulert forbruk reknast ut ifrå bruksareal multiplisert med ein faktor på 1,2 m³/m². For fritidsbustadar og naust er faktoren 0,6 m³/m². For nærings- og kombinasjonseigedomar er det påbudt med vassmålar. I dei tilfelle der vassmålar likevel ikkje er installert, vert det rekna eit stipulert forbruk med utgangspunkt i samla bruksareal for eigedommen. Tabellen under viser prisar for eigedomar som betalar etter areal.

Forbruksgebyr stipulert (kr/m²)		Omrekningsfaktor	Mengde	Mva.sats	Pris (kr)	Pris inkl. mva (kr)
Vatn	Bustad og næring	1,2 m ³ /m ²	pr. m ²	25 %	15,86	19,83
Vatn	Fritidsbustadar og naust	0,6 m ³ /m ²	pr. m ²	25 %	7,93	9,92
Avløp	Bustad og næring	1,2 m ³ /m ²	pr. m ²	25 %	21,68	27,11
Avløp	Fritidsbustadar og naust	0,6 m ³ /m ²	pr. m ²	25 %	10,84	13,55

TILKNYTINGSGEBYR

Tilknytingsgebyr er eit eingongsgebyr som skal betalast for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg. Gebyret skal betalast for:

- Ny tilknytning av eigedom.
- Tilknytning av eksisterande eigedom, eller eigedom som kommunen krev tilknytt.
- Eksisterande eigedom med tilknytning som ikkje er godkjent.
- Anna permanent tilknytning til kommunalt vass- eller avløpsanlegg, til dømes vatningsanlegg for landbruk, idrettsanlegg mv.
- Særskild tilknytning av sprinklaranlegg.

Tilknytingsgebyret skal vere betalt før tilknytning.

Tilknytingsgebyr		Mva.sats	Pris (kr)	Pris inkl. mva (kr)
Vatn		25 %	6400,00	8000,00
Avløp		25 %	6400,00	8000,00

Priser for tilleggstenester		Mva.sats	Pris (kr)	Pris inkl. mva (kr)
Dersom kommunen føretek avstenging eller påsetting av vassforsyninga (per gong per eigedom)		25 %	2400,00	3000,00
Dersom abonnenten unnlét å foreta ei avlesing og kommunen må foreta avlesinga (per gong per vassmålar)		25 %	1200,00	1500,00

Vassmålaravlesing

Alle vassmålarar skal lesast av ein gong kvart år ved nyttår (31.desember). Målarstand skal rapporterast på vassmålar kort og blir sendt til kommunen elektronisk eller som brevpost.

Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag

Abbonnten har rett til reduksjon i gebyr ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag. Abonnnten har rett til redusert gebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varar i meir enn 24 timar. Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast høve hjå kommunen, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Krav om redusert gebyr må fremmast innan to månader etter at høve oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon. Årsgebyret reduserast med 0,3 % per påbyrja døgn utover det første døgn.